

## **MODALEN UNGDOMSRÅD - REVIDERTE VEDTEKTER (FRAMLEGG)**

**27.02.2021**

### **Mandat, føremål og oppgåver**

- a. Modalen ungdomsråd (MUR) er eit vald organ med oppgåve å ivareta interessene til barn og ungdom i Modalen kommune
- b. Føremålet med MUR er mellom anna
  - ta opp til drøfting barn og unge sine interesser i kommunen
  - vera orientert om viktige saker i kommunen
  - vera høyrings-/rådsorgan for kommunen i saker som vedkjem dei unge sitt barne- og oppvekstmiljø
  - vera pådrivar for barne -og ungdomsarbeidet i kommunen
- c. Oppgåvene til MUR er mellom anna å arbeida for
  - meir allsidig kultur- og idrettstilbod
  - etablering av møteplassar for ungdom
  - etablera ordningar kring arrangement og aktivitetar
  - rusførebyggjande tiltak
  - at barn og unge sine interesser vert ivaretatt i kommunalt planarbeid
- d. MUR får budsjettmidlar på eigen post i kommunebudsjettet og har delegert vedtaksrett for egne budsjettmidlar.

### **Kontaktperson**

Rådmannen oppnemner kontaktperson frå administrasjonen og tilretteleggjar for møteverksemd med lokale til rådet.

Kontaktpersonen sine oppgåver er å

- kalla inn til møter og skrive referat
- hjelpe til ved val
- hjelpe MUR med å etablera nødvendig kontakt med kommunale organ
- ha ansvar for kontinuitet i MUR
- ha ansvar for opplæring/informasjon

### **Funksjonstid og samansetjing**

- a. Modalen ungdomsråd vert vald om hausten med representantar frå Mo Skule og vidaregåande skule:

- b. Elevar ved ungdomsskolen konstituerer Modalen ungdomsråd ved val av leiar og nestleiar.
- c. Modalen ungdomsråd får høve til å stilla med 2 representantar som har talerett og rett til høyring i kommunestyret, formannskapet i saker som Modalen ungdomsråd har gjeve skriftleg uttale i.

### **Møteverksemd**

- a. Modalen ungdomsråd har møte minst 2 gonger kvart semester, men elles så ofte det er behov.
- b. Møta er opne for ungdom i frå 8. trinn til VG3 som ønskjer å bidra til rådet.
- c. Innkalling til møta med sakliste skjer frå MUR sin leiar i samarbeid med sekretær, minst ei veke på førehand. Saker som skal opp til handsaming, må vera sendt leiar/sekretær i god tid før møtet. MUR kan fritt fremja dei sakene dei er opptekne av.
- d. MUR kan invitera inn ordførar, rådmann eller andre i administrasjonen til møta.
- d. Dagsorden for møta
  - Godkjenning av innkalling og sakliste
  - Statusrapport ved leiar og kontaktperson
  - Handsaming av sakene
  - Eventuelt
- f. MUR skal kvart år utarbeida ei kortfatta årsmelding.
- g. Kommunen dekkjer reiseutgiftene i samband med møte i MUR

### **Opplæring/Informasjon**

Kontaktpersonen har ansvar for nødvendig informasjon/opplæring om MUR i elevråd/ ungdomsskuleklassar, i fritidsklubben og til ungdomsorganisasjonar. Det skal særleg leggjast vekt på opplæring/informasjon om demokrati/beslutningsprosessar, samt innføring i MUR sin funksjon og saksgang.

MUR kan nytte kommunen si heimesida som informasjonsorgan.

### **Endring av vedtektene**

Vedtektene skal takast opp til vurdering av MUR etter kvart val av ungdomsråd. Ved endringar skal vedtektene vurderast av kommunen.